

Saksframlegg

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stavø Stenehjelm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 18/508-2

Høyring - Forslag til endringar i kreftregisterforskrifta

Høyringssvaret vert skrive i møte 5. februar 2018

Vedlegg:

Høyring – endringar i kreftregisterforskrifta
Høyringsinstansar

SAKSFRAMSTILLING

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høyring eit forslag om ei endring i kreftregisterforskrifta. Endringa inneber at Kreftregisteret skal kunne registrere og handsame opplysningar om dei registrerte sin fødekommune/fødeland. Det er behov for kreftstatistikk inndelt etter geografisk region, både for å forstå utfordringar i innvandrargrupper og for å forstå totaltala. Endringa vil legge til rette for meir kunnskap om korleis fødestad og kreftførekomst heng saman.

Departementet planlegg å revidere heile kreftregisterforskrifta saman med dei andre forskriftene om lovbestemte register. Formålet er mellom anna å tilpasse forskrifta til helseregisterlova som vart vedteken i 2014 og EU sin personvernforordning.

Frist for å sende inn høyringssvar er 5. mars 2018.